



Arkivnr: 2015/166-2
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		13.05.2015
Fylkesutvalet		19.05.2015

Tillegg til politisk sak «Gjestekunsnarbustader og -ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune» nummer 34/15 i Kultur- og ressursutvalet og 75/15 i Fylkesutvalet som vart vedteken utsett i Fylkesutvalet 26.03.2015

Politisk sak «Gjestekunsnarbustader og -ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune» nummer 34/15 i Kultur- og ressursutvalet og 75/15 i Fylkesutvalet vart vedteken utsett i Fylkesutvalet 26.03.2015 med følgjande grunngjeving:

«I vedteke budsjett for 2015 skal tildeling til gjesteateliet og Ambrosiahuset haldast tilbake til gjeldande retningslinjer eller forslag til slike ligg føre. Slike retningslinjer må vere med i saka når ho vert lagt fram for ny handsaming.» Det vart også knytt eit punkt 2 til dette: «Fylkesutvalet ber kontrollutvalet sjå på oppfølginga av tidlegare vedtak knytt til leilighet i Covarrubias, Spania.»

- Internasjonal gjestekunsnarordning administrert av Hordaland Kunstsenter: Det vert i dette tillegget lagt fram styrevedteke retningslinjer for denne.
- Ambrosiahuset: Praksis og tidlegare retningslinjer er lagt fram i opprinneleg sak, og det er ikkje utarbeidd forslag til nye då fylkesrådmannen i opprinneleg sak og i tillegg tilrår avvikling av leigeforholdet for kunstnarbustaden. Fylkesrådmannen vil kome attende til saka dersom vidareføring av leigeforholdet skulle vere aktuelt.
- Leilighet i Covarrubias: Det avventast handsaming i Kontrollutvalet.

Samandrag opprinneleg sak (34/15, 75/15):

I Fylkestinget 9. desember 2014, sak 75/14 Årsbudsjett 2015 / økonomiplan 2015-2018 vart følgjande verbalforslag nr. 29. vedteke: *Tildeling til Gjesteateliet og Ambrosiahuset holdes tilbake inntil KURE og fylkesutvalget har fått seg forelagt gjeldende eller forslag til retningslinjer for disponering og utlysning av leilighet på Nordnes, i Spania, på Stend og eventuelt andre (kunstner)boliger/gjesteateliet som disponeres av fylkeskommunen eller som fylkeskommunen har rett til å disponere.*

Hordaland fylkeskommune er driftsmessig involvert i gjestekunsnarordningar:

- Gjestekunsnarordninga knytt til Hordaland kunstsenter med driftstilskot og som eigar av husvere
- Ambrosiahuset på Hordamuseet, som leigetakar
- Kunstnarutveksling mellom Hordaland og Nedre-Normandie, med stipend og dekking av andre utgifter

I tillegg har Hordaland fylkeskommune har Hordaland fylkeskommune løyvd midlar til istandsetting av ein gjestekunsnarbustad i Covarrubias i Spania. Dette var eit eingongstilskot og har ingen løpande utgifter no.

Gjestekunstnarordningar, eller artist in residence (air), representerer ein infrastruktur som gjer det mogleg for kunstnarar å ha kortare eller lengre arbeidsopphald andre stader enn der dei bur og arbeider til dagleg. Det har vore ei stor auke internasjonalt i gjestekunstnarordningar, og dette er blitt meir og meir ein del av ei internasjonal og global kunstverd. Utvekslingar kan gjelde alle kunstformar, men står sterkast innan det visuelle kunstfeltet.

Forslag til innstilling – likelydande som i opprinneleg sak.

1. Hordaland fylkeskommune vidarefører gjestekunstnarordninga administrert av Hordaland kunstsenter, med bustaden i Nordnesveien 43.
2. Bustaden i Nordnesveien skal reserverast tre månader annakvart år til gjestekunstnar frå Basse-Normandie, som lekk i realisering av samarbeidsavtalen med Nedre-Normandie.
3. Leigeforholdet med Bymuseet / Hordamuseet om bruk av Ambrosiahuset skal seiast opp.
4. Fylkesrådmannen kjem attende med eige sak om bruk av kunstnar-/kulturarbeidarleilighet i Covarrubias, Spania.
5. Gjestekunstnarordninga vurderas i samband med budsjett 2016.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.05.2015

Tillegg

1. Internasjonal gjestekunstnarordning administrert av Hordaland Kunstsenter:

I sak 476/88 godkjende Fylkesutvalet at husværet i Nordnesveien (det tidlegare husværet til fylkesordførarane) vert stilt til rådvelde for Nordisk Gjesteatelier. I saksutgreiinga står det elles: «Fylkestinget vedtok i 1986 å skipa Nordisk Gjesteatelier i Hordaland. Fylkeskommunen stiller eit atelier og eit husvære gratis til disposisjon for gjestane Hordaland Kunstnersentrum administrerer atelieret på vegner av Hordaland fylkeskommune.» Denne ordninga vart vidareutvikla til også å gjelde kunstnarar utanfor Norden.

Då Hordaland Kunstsenter(tidl. Hordaland Kunstnersentrum) har hatt det administrative ansvaret har ikkje fylkeskommunen formalt handsama dei retningslinjer og prosedyrar Hordaland kunstsenter har hatt for gjestekunstnarordninga. Styret ved Hordaland kunstsenter har hatt ekstraordinært styremøte for å kome Hordaland fylkeskommune i møte med nyleg styrevedtekne prosedyrar og retningslinjer for gjestekunstnarordninga. Denne er vedlagt saka.

Det er vanlegvis 6 kunstnarar kvart år som vert plukka ut som residencykunstnarar. Desse gjestekunstnarane disponerer fritt bustad og arbeidsstad / atelier, får stipend på 10 000 kroner (pr dags dato) og dekkja reisekostnader. Gjesteopphaldet varar vanlegvis omlag ein måned. Der er også samarbeid med andre kunstinstitusjonar i fylket, og dei får bruke husveret til tilreisande kunstnarar om det skulle vere ledig. I år har det vore brukt av Bergen Kunsthall og Borealis-festivalen.

Det har vore litt ulik praksis gjennom åra rundt utlysing og utveljing av kunstnarar til gjestekunstnarordninga. Dei siste åra har det vore inviterte deltakarar til gjesteprogrammet, og det er no planlagt ope søknadsrunde i løpet av våren 2015. Det er i tillegg ønska å kunne invitere enkelte kunstfaglege kapasitetar, ein eller to i året, som er spesielt relevante for utviklinga av kunstsenteret. I dei vedtekne retningslinjene vert begge desse metodane omtalt, med særskilde retningslinjer for kvar metode. Tilsette ved Hordaland kunstsenter går igjennom alle innsendte søknader, og lager ei liste over dei omlag 50 mest relevante søkjarane. Denne vert lagt fram for ein jury med representasjon for kunstnarorganisasjonane.

Det er også utarbeidd ein strategi for gjestekunstnarprogrammet 2015 – 2019. Hordaland kunstsenter ønskjer å auke andelen gjestekunstnarar frå utanfor Europa. Dette vil gjere det mogleg for det lokale / regionale kunstmiljøet å skape eit breiare internasjonalt nettverk, noko som også ligg i kunstsenteret sitt mandat. Det er også prioritert ekstra arbeidskapasitet for å kunne handtere henvendingar og søknader etter den opne utlysinga.

I følgje retningslinjene skal dei som vert vald som gjestekunstnarar vere aktive kunstnarar i det visuelle kunstfeltet, i tidleg / midtfase av karrieren. Det må vere relevant for deira kunstnarlege prosjekt og forskning å vere i Hordaland, og kunstnaren / kuratoren må vere interessert i å dele sin kompetanse og erfaring på ein måte som gagnar kunstmiljøet i Hordaland. Fullstendige retningslinjer og omtale ligg i dei vedlagte styrevedtekne prosedyrane med retningslinjer.

2. Ambrosiahuset

I den opprinnelege saka vart det gjort greie for føringane og praksisen ein har hatt for bruken av Ambrosiahuset. Det tilrådest å seie opp leigeavtalen med Bymuseet i Bergen om bruk av dette huset. Det er difor ikkje utarbeidd nye retningslinjer no. Fylkesrådmannen vil kome attende til dette dersom det skulle vere aktuelt å vidareføre leigeforholdet.

Det er eit års oppseiing av leigeavtalen, og midlane for 2015 må såleis betalast ut.

3. Kunstnar-/kulturarbeidarleilighet i Covarrubias, Spania

Ein avventar handsaming i Kontrollutvalet for denne delen av saka.